



Frå ein tidlegare skiskule.

**Det er strålende forhold i Fjellhaugen skisenter for tida, og det veit langrennsentusiastane i idrettlaga i kommunen å gjera seg nytte av. Førstkommande laurdag inviterer skigruppene i Rosendal TL og Omvikdalen IL til felles treningsamling for løparane i alle laga i kommunen, og søndag arrangerer Uskedal IL eit ekstra karusellrenn.**

Skigruppene i idrettlaga i kommunen samarbeider svært godt, og det har mellom anna vore fleire felles treningsamlingar. Laurdag er det OIL og RTL som inviterer til samling for alle frå 6 år og oppover (yngre enn 6 kan vera med i følgje med føresette). Det er oppmøte kl.12 ved den gamle varmebua, og der vert deltakarane delt i tre gupper: skileik, mosjon og aktiv. Det vert eit variert program med vekt på både det sosiale og trening. Det vert også lunsjpause på 1 time med varm mat. På grunn av maten er det viktig at alle melder seg på på førehand. De finn fullstendig program ved å klikka dåke inn på [UIL si heimeside](#). Der kan de også melda dåke på.

Dagen etter vert det arrangert eit ekstra karusellrenn med UIL som arrangør.

'Det er så flotte forhold der oppe, og derfor bestemte vi oss for å nytta oss av det og slår til med eit renn i tillegg til dei som var på den opprinnelege terminlista,' seier Knut Johannes Ripel i arrangørlaget. Han fortel vidare at det er barneskirenn kl.12, og så startar konkurranseklassen som vanleg kl.12.30. Rennet går i fristil. Til barneskirenn er det påmelding før start. Til konkurranseklassen ønskjer dei svært gjerne at deltakarane melder seg på på førehand. Påmelding kan gjerast på [UIL si heimeside HER](#). Der finn de også meir informasjon om klassar, løypelengder og anna om sjølve rennet.

Ripel understrekar at ein kan vera med både på treningsamlinga og rennet utan at ein har vore med tidlegare. Han oppfordrar alle til å nytta seg av dei fine forholda som er i fjellet no. Han seier at dei oppfordrar alle som ikkje ønskjer å gå på tid, til å gå i trimklassen som er ein runde i lysløypa, rett og slett ta det som søndagsturen. 'Få gjerne med deg naboen eller kompisen òg,' er oppfordringa frå arrangørane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Knut Johannes Ripel.